
Fra: Laila Furebotn <furebotn@hotmail.com>

Sendt: mandag 5. juni 2023 08:29

Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>; Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>; Karstein Totland <Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Geir Egil Haugsvær <gehaugsver@gmail.com>

Emne: Spørsmål til kommunestyret juni.

Hei!

Til forige kommunestyre stilte eg spørsmål om kvifor språkopplæringa dei ukrainske flyktningane i kommunen får er på bokmål. Masfjorden kommune har nynorsk som målform og borna deira lærer nynorsk i skulen. Dei møter og nynorsk i arbeidslivet. Spørsmålet var sendt inn kort tid før møtet, men rådmann svara muntleg. Svaret var at kommunen ikkje hadde tilgang på undervisningsmateriell på nynorsk, og difor er det bestemt opplæring på bokmål.

Eg kontakta språkrådet for å høyra kvifor kommunen ikkje har tilgang på undervisningsmateriell på nynorsk. Svaret derifrå finn de vedlagt, og som de ser, samsvarar ikkje svar frå kommuneadministrasjon og språkråd.

Eg vil i kommunestyret difor ha svar på:

Kven bestemmer i Masfjorden kva målform språkopplæringa skal ha?

Kvifor har ikkje Masfjorden tilgang på same undervisningsmateriell som andre kommunar?

Kan kommunen gå over på nynorsk opplæring?

Ha ein super dag i sola!

Laila Furebotn

Masfjorden senterparti.

Fra: Margrethe Kvarenes <margrethe.kvarenes@sprakradet.no>

Sendt: fredag 2. juni 2023 09:58

Til: Laila Furebotn <furebotn@hotmail.com>

Emne: SV: ang nynorsk opplæring av ukrainske flyktingar

Hei

Det er tilgang på opplæringsmateriell på nynorsk for flyktingar og innvandrarar. Tidlegare var manglande nynorskmateriell ei utfordring, men mange kommunar rapporterer no om at dei nyttar berre nynorsk i vaksenopplæringa. Eg har samla nokre få døme. Dette er oppdatert informasjon som vi har frå

nominasjonane til Årets nynorskkommune 2022, som er skrivne av kommunane og fylkeskommunane sjølve:

Kvam herad:

«Deltakarar frå meir eller mindre 20 nasjonar får undervisning på nynorsk hos vaksenopplæringa. Svært mange vaksenopplæringssentra (også nynorskkommunar) nytta tidlegare bokmål i undervisninga av vaksne innvandrarakar. Dette fordi det var mykje fleire læremiddel på bokmål. Vaksenopplæringa i Kvam tok tidleg eit val om å gå over til nynorsk i undervisninga med denne grunngevinga: - Nynorsk er målforma i kommunen vår. Alle skriv/informasjon innbyggjarane i kommunen får er på nynorsk. Då var det også viktig for skulen å nytta same målforma. - Deltakarane på vaksenopplæringa som også er foreldre, får lære den same målforma som borna deira. - Når deltakarane skal ut i «språk/arbeidspraksis», er det lettare å forstå språket og dialekta på arbeidsplassen når opplæringa er på nynorsk. Det var utfordrande i overgangen tidleg på 2000-talet å forlate mange gode læreverk som berre eksisterte på bokmål. Men etterkvart har det kome fleire læreverk på nynorsk.

[...]

Me har dei seinare åra hatt eit elevantal som svingar mellom om lag 50-70 deltakarar gjennom året. Deltakarar frå meir eller mindre 20 nasjonar får undervisning på nynorsk hos vaksenopplæringa.

OVERSIKT OVER LÆREVERK PÅ NYNORSK SOM VAKSENOPPLÆRINGA NYTTAR PER I DAG:

- «NorskPluss-serien» til kunnskap.no (nettbasert læremiddel)
- «Sesam» Cappelen Damm (munnleg begynnarpplæring)
- «HEI-serien» A1-B1 Cappelen Damm (Tekstbok/arb.bok/nettressurs)
- «Godt sagt» og «Norsk No» Fagbokforlaget (Tekstbøker, arb.bøker, ordlister, lytteøvingar m.m)
- «Bli klar til norskprøven» Fagbokforlaget (Øvingsressurs med interaktive lytte -og leseforståingsoppgåver)
- «Klart det!» Fagbokforlaget (Læreverk på B-2 nivå, tekstbok, arb.bok og nettressurs)
- «God i norsk» Aschehoug. A1-A2. (Tekstbok, arb.bok og nettressurs)

Stad kommune:

«I Stad kommune har eininga *Opplæring og integrering* ansvar for mottak og busetjing, opplæring og sysselsetjing av flyktningar. Eininga er sett saman av vaksenopplæringa, integreringstenesta og miljøteamet. Eininga spelar ei viktig rolle når det gjeld å realisere mange av dei strategiske satsingane innan mottak, busetjing, integrering, opplæring og sysselsetjing av flyktningar, og flyktningane si deltaking i samfunnslivet.

Stad vaksenopplæring tilbyr grunnskuleopplæring for vaksne innbyggjarar i kommunen som treng denne opplæringa. I tillegg har skulen ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, innanfor introduksjonstilbodet.

Nynorsk er hovudmål og blir brukt som undervisningsmålform i alle fag. I tillegg til nynorske lærebøker, brukar eininga nynorske songar og nynorske tekstar frå litteratur og media. Skulen sitt slagord og visjon er "Læring for livet" og nynorsk ligg nærast talemålet i Stad kommune.

Stad vaksenopplæring er Stad kommune sitt kompetansesenter for nynorskopplæring og grunnskule for vaksne. Eininga har rundt 65 elevar ved i alderen 16 til 58 år. Elevgruppa er samansett av:

- Innvandrarakar i introduksjonsprogram
- Innvandrarakar som tek grunnskuleutdanning

- Arbeidsinnvandrere og ektefeller frå ulike land

Vestland fylkeskommune:

«I og med at Vestland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsspråk, er det også det skriftspråket som blir brukt i vaksenopplæring og i karriererettleiing gjennom Karriere Vestland.»

Eg vonar dette er det du treng for å ta saka vidare.

Vennleg helsing

Margrethe Kvarenes
seksjonssjef | seksjonen for språk i skole og offentleg forvaltning
94 89 47 89

Språkrådet

www.språkrådet.no

Frå: Laila Furebotn <furebotn@hotmail.com>

Send: fredag 2. juni 2023 10:18

Til: Margrethe Kvarenes <margrethe.kvarenes@spraakradet.no>

Emne: ang nynorsk opplæring av ukrainske flyktingar

hei!

viser til telefonsamtale og sender som avtalt e post.

eg ynskjer svar på om det er tilgang på språk opplærings materiell for ukrainske flyktingar på nynorsk. I kommunestyremøte i Masfjorden kommune, fekk me til svar frå administrasjonen at det ikkje let seg skaffa fram, og at difor er no opplæringa på bokmål. Dette skapar utfordringar. borna har nynorsk på skulen, og bedrifter og andre nyttar nynorsk. når dei vaksne vert opplært til bokmål vert det utfordringar med å forstå.

Det er og vedteke i kommunen at opplæringa skal vera på nynorsk.

fint med ei tilbakemelding på konkret kor ein kan finna/få tilgang til slikt materiell, samt kommunar som allereie nyttar dette. (om dette let seg jera)

Ha ein fin dag!

med helsing
Laila Furebotn
Masfjorden Senterparti.

Sendt fra [Outlook for iOS](#)